



Roar Sudmann
Hjelten 16
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/688 - 17/22785

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
14.11.2017

GBNR 1/1 - Orientering til tiltakshavar

Administrasjonen viser til tidlegare korrespondanse knytt til jordtipp/steinbrudd på gbnr 1/1 og arbeid med E39, sist ved skriv frå dykk motteke 18.09.2017.

Deler av eigedomen – mellom anna areal som omfattar jordtipp/steinbrudd – vil truleg blir berørt av pågåande reguleringsarbeid i området (områdeplan for Midtmarka og Rotemyra). Det vil vere ein fordel dersom omfang og aktivitetstider for jordtipp og steinbrudd blir avklart gjennom dette planarbeidet, då dette vil kunne virke konfliktdepande. Internt i administrasjonen er dette formidla til landbrukssjef og plankonsulent.

Etter avklaring av pågåande planarbeid, føreset administrasjonen at arbeida med jordtipp og opparbeiding av landbruksareal blir slutført på ein hensiktsmessig måte i samsvar med tidlegare godkjent løyve (utgikk 01.04.2017) og innsendt søknad motteke 10.04.2017 (ikkje sluttbehandla på grunn av trong for tilleggsopplysningar, ref vedlagt skriv frå kommunen datert 09.10.2015).

Kommunen viser elles til vårt skriv av 07.07.2017, der følgjande blei opplyst:

«Når arbeida med E39 på Flatøy er ferdig, vil planstatus og situasjonen knytt til verksemda på aktuelt areal endre seg. Areal avsett til anlegg- og riggområde vil igjen få status som LNFR- område gjennom kommuneplanen. Bruk av areal og verksemd som i dag er omfatta av unntaket frå søknadsplikt gjennom SAK10 § 4-2 bokstav (a) vil ikkje lenger vere unntatt frå søknadsplikt. Området skal tilbakeførast til situasjonen før arbeida med E39 tok til i samsvar med det som er fastsett i vedteken reguleringsplan.

Drift av mobilt steinknuseverk vil etter ei førebels vurdering frå administrasjonen ikkje vere i samsvar ordinær landbruksdrift, men ei næringsverksemd som ikkje er omfatta av landbruksomgrepet. Vidare drift og ferdigstilling av bakkeplanering/jordtipp, vil vere avhengig av godkjenning i samsvar med tidlegare krav stilt av kommunen.»

Dette inneber at det p.t. ikkje ligg føre naudsynt godkjenning etter plan- og bygningslova for mottak av jordmasser. Drift av steinknuseverk er etter kommunen sitt syn i strid med arealformålet LNFR og krev avklaring gjennom planarbeid eller dispensasjon frå kommuneplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

På bakgrunn av dykkar orientering om at det ikkje er pågåande arbeider i dag, samt planarbeid i området, ser administrasjonen ikkje grunnlag for ytterlegare oppfølging av saka i dagens situasjon etter plan- og bygningslova sitt regelverk.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mangel - Søknad om tillatelse til massedeponi på gbnr 1/1 på Flatøy